



Saksbehandlar: Astrid Hove, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 18/2412-1

## **Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2018-2019**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

Plan for kompetanesutvikling i vidaregåande opplæring skuleåret 2018-2019 vert vedteken slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

1. Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2018-2019

## **SAKSFRAMSTILLING**

Fylkesdirektøren for opplæring legg med dette fram «Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2018-2019». Tiltaka i planen byggjer på ei kartlegging og vurdering av kompetansebehova ved dei vidaregåande skulane, i PPT og opplæringskontora ut i frå nasjonale og lokale føringer.

Rektorane har ansvar for å kartlegge kompetansebehovet på eigen skule og samhandle med dei andre skulane i regionen om dette. Opplæringskontora har vurdert kompetansebehovet for faglege leiarar og instruktørar.

#### **Dei statlege vidareutdanningsordningane**

Det er lagt opp til nasjonale satsingar på kompetanseutvikling også i 2018-2019. Satsingane omfattar etter- og vidareutdanning for pedagogisk personale, tilsette i PPT og i fag- og yrkesopplæringa. Det er to nasjonale vidareutdanningsordningar å velje mellom. Det kan enten søkast midlar frå staten for å finansiere frikjøp av vikarar for lærarar som ynskjer å ta vidareutdanning, *vikarordninga*, eller det kan søkast om stipend for dei lærarane som ynskjer ei slik vidareutdanningsordning, *stipendordninga*.

Det er 85 lærarar som har søkt vidareutdanning innanfor stipend – og vikarordninga i år.

- 23 lærarar har søkt ordinær vidareutdanning med vikar
- 8 lærarar har søkt ordinær vidareutdanning med stipend
- 35 lærarar ha søkt vidareutdanning for yrkesfaglærarar –Yrkesfaglærarløftet
- 16 lærarar har søkt Praktiske pedagogisk utdanning med stipend
- 2 lærarar har søkt yrkesfaglærarutdanning
- 1 lærar har søkt vidareutdanning i karriererettleiing

Fylkesdirektøren ser positivt på at mellomleiarane og rektorane tek del i den nasjonale rektorskulen. Vi har ein søker til rektorskulen i år og fire mellomleiarar som er i eit to-årig utdanningsløp. I tillegg har vi i 2018 ein leiar som tek vidareutdanning i PPT.

#### **Fylkeskommunale etterutdanningstiltak**

Dei fylkeskommunale etterutdanningstiltaka skal vere få og gjennomgåande, dei skal vere overordna samtidig som dei gir plass til lokal handlingsfridom. Tiltaka skal vere retta mot dei tre kjerneområda; leiing, opplæring, fag- og yrkesopplæring, som mål og strategiplan «Mot nye høgder» legg opp til.

#### *Leiing*

Det er etablert eit strukturert nettverk for rektorane i tillegg til at dei har faste rektormøte, dette skal vidareførast. Nettverket er fagleg relevant, der formålet er å støtte opp under rektorrolla.

Det skal tilbydast opplæringsdagar for mellomleiarane i aktuelle tema. Det er eit mål at mellomleiarane skal vere tettare på praksisen i klasserommet. Fylkesdirektøren arbeidar med ei satsing på kompetanseutvikling av mellomleiarar gjennom KS si Led-skule-satsing. Led skule er eit rammeverk for utvikling av leiarar i skulen, med fokus på mellomleiarar.

#### *Opplæring*

Fylkesdirektøren har etablert skulevurdering som ein del av kvalitetssystemet. Skulevurdering er pedagogisk utviklingsarbeid som baserer seg på kvalitetsutvikling utifrå eit område som lærarane har bestemt. Prioriteringane og satsingane av dei fylkeskommunale etterutdanningstiltaka for lærarane skal skje gjennom skulebasert kompetanseutvikling.

Fylkesdirektøren vil arbeide for at rådgjevarnettverka i fylket utarbeidar ein felles plattform og eit felles verktøy for ein heilskapleg karriererettleiing frå 8. – 13. årssteg. I tillegg vil fylkeskommunen arrangere «næringsreiser» slik at rådgjevarane får meir kunnskap om lokalt næringsliv.

#### *Etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa*

Det er etablert fagnettverk innanfor både yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram. Arbeidet med fagfornyngja har starta med dei gjennomgåande faga i grunnopplæringa. Strategien er at læreplanen i større grad skal utarbeidast lokalt. Det vil bli auka aktivitet i fagnettverka for desse fagområda.

Fylkesdirektøren vil satse vidare på hospiteringsordninga, for å auke og vidareutvikle samarbeidet mellom skule og arbeidsliv og sjå opplæringa i eit fireårig løp. Vidare vil fylkeskommunen tilby fagleg oppdaterte kurs til instruktørar og faglege leiarar.

Fylkeskommunen vil også vidareutvikle prøvenemndene sine vurderingskriterium og dokumentasjonskrav .

Fylkesdirektøren for opplæring vil prioritere etterutdanning for fagkonsulentar i vidaregåande opplæring for vaksne. Det er stor auke i tal vaksne søkerar til den vidaregåande opplæringa.

#### **Finansiering**

I budsjettet for 2018 er det sett av kr 2 586 000 i kompetanseutviklingsmidlar. Desse vil bli brukt på fylkeskommunale etterutdanningstiltak. I tillegg vert det nytta tidlegare avsette midlar til igangsett rektornettverk og restmidlar frå tidlegare statlege tilskot vil bli nytta til nettverka som skal arbeide med fagfornyngja.

Fylkeskommunen søker utdanningsdirektoratet om statlege midlar til etter- og vidareutdanning til dei statlege vidareutdanningsordningane. Dei statlege midlane har vi ikkje oversikt over før i mai/juni, først då vil få ei oversikt over kor mange som vert prioritert til dei ulike vidareutdanningsordningane. Til satsinga Led-skule for mellomleiarane, vil fylkesdirektøren søke OU-midlar gjennom KS.

#### **Konklusjon**

Kompetanseutviklingsplanen for 2018-2019 omhandlar bruken av midlar til etter- og vidareutdanning for opplæringssektoren. Planen er i samsvar med nasjonale føringar og mål- og strategidokumentet «Mot nye høgder».

Fylkesdirektøren tilrår at plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring skuleåret 2018-2019 vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg 1.